

Tilknyttede organisasjoner;



NVE

Molde, 26 feb. 2026

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakkklubb, Risken sopp- og nyttevekstforening og 4 H Møre og Romsdal.

Surna elv og konsesjonsvilkåra

FNF Møre og Romsdal bryr seg om natur - og vi bryr oss om elver og dyr og planter som lever i og knytt til dei.

Vi er gjort kjent med at regulanten Statkraft i brev av 16 feb. 2026 har søkt NVE om å avvike konsesjonsvilkåra satt i Kongl. Res. av 5. mars 2021 som gjeld konsesjonsvilkåra for Folla-Vindøla-reguleringa i Surnadal og Rindal kommunar. Slik vi forstår søknaden ønskjer regulanten om å la vere å etablere ein nytt og høgare inntak i Follsjø som vi gje høgare vassstemperatur i Surna nedstraums Trollheim kraftverk.

Slik vi les dette er det berre ein grunn til at regulanten ikkje ønskjer å byggje dette nye inntaket; økonomi. Dei argumenterer med at det vil koste meir enn det som var stipulert i Kgl. Res. av 2021. Slik vi les dokumenta i saka var også kostnadsoverslaget den gonga for 5 år sia eit estimat og ikkje eit avtalt pristilbod frå ein entrepenør. Så at kostnadsoverslaget i dag kan vere høgare bør ikkje forundre nokon både ut frå den generelle prisveksten samt usikre tal i utgangspunktet.

Vi har i prinsippet ikkje noko imot at ein ser på konsesjonsvilkåra på nytt sjølv om det berre har gått 5 år sia dei vart reviderte sist. Men vi har litt problem med å forstå kvifor ein nett her i dette vassdraget skal gjere dette allereide no når våre vassdragsmyndigheiter ikkje greie å følgje opp alle dei konsesjonane der det har gått meir enn 30 år sia sist revisjon?

Jfr punkt 5 i vilkåra til løyvet etter vassdragslova er det gitt ein 5 års frist for å starte opp dei konsesjonsgitte tiltaka. Og vidare er det satt ein 5 års frist for fullføring av tiltaket. At søknaden frå regulanten kom den 16 februar i år tilseier 2 veker



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner
moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal



saksbehandlingstid for NVE før fristen er ute. Dette er ikkje seriøst av Statkraft – vi forventer at det ikkje er naturen som får lide for denne manglande respekten for klokka og konsesjonsvilkåra.

Konklusjon

Vi meiner Surna og naturen der har lidd nok no –søknaden som ligg føre no frå regulanten tener ikkje naturen. Vi treng vel ikkje minne om kva naturen i Surna allereide har lidd eks knytt til katastrofale endringar i vassføringa der regulanten er ansvarleg. Vi rår til at NVE avslår søknaden frå Statkraft om å ikkje byggje nytt inntak i Follsjø. Vi ber vidare NVE om å nytte gjeldande lovverk knytt til fengsel/bøtelegging for å syte for at også regulanten Statkraft følgjer landets lovar og rettar seg etter dei fristar som er satt etter den Kongelege resolusjonen i denne saka.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Surna kommune, Surna Elveigarlag

